

Nye retningslinjer — synspunkt på forslaget sett frå eit renseanlegg

Av Arne Haarr.

Arne Haarr er sivilagronom med ansvar for slamdisponering på VEAS.

*Innlegg på møte i Norsk Vannforening
10. oktober 1991.*

«der det er naturleg å anlegge kjøkkenhage».

1. Innleiing

Arbeidet med å revidera retningslinjene for lagring og disponering av kloakkslam frå 1981, har nå resultert i eit nytt forslag. Mange har venta på dette med stor spenning. Dei gamle retningslinjene hadde fleire manglar som måtte rettast på. Enkelte av forholda som retningslinjene tok opp var uklare og vanskelege å ta stilling til for dei som skulle behandla slike saker. Dette kunne vera forhold som hadde med bruken av slam, kva som kunne dyrkast på dei aktuelle areala, og kor store mengder ein kunne bruka.

Andre punkt hadde etter kvart blitt uaktuelle på grunn av den tekniske utviklinga, og trengde difor justering.

I arbeidet med å få fram det faglege grunnlaget for nye retningslinjer, har ulike fagmiljø blitt engasjert.

Fra vår synsstad var det nye forslaget skuffande i forhold til dei forventningane om ei opprydding som hadde bygt seg opp. Uklare punkt har ikkje blitt klarare. Framleis kan ein til dømes finna formuleringar som:

«bør»

«der det er normalt å dyrke grønnsaker» og

Det mest skuffande var likevel at ein i samband med forslaget ikkje finn nokon fagleg grunngjeving for dei endringane som blir foreslått. Med det omfattande arbeidet som ligg bak, ville det vera naturleg at den faglege bakgrunnen vart presentert for dei som skal ta stilling til forslaget.

2. Tungmetall

Grenseverdiane for tungmetall vert kraftig skjerpa. Dette var ikkje uventa, spenninga dreidde seg om kva for grenseverdiar ein ville foreslå for tungmetall. For kadmium er grensa skjerpa frå 10 mg/pr. kg tørrstoff til 4 mg/kg tørrstoff. Det vert ikkje gjeve nokon fagleg grunn for skjerpinga. Dette er sterkt å beklaga, då ein del av den debatten som går føre seg i media, tydeleg lid under mangel på kunnskap om for eksempel kadmium.

Dei gjeldande grenseverdiane er sette med omsyn til tilførte mengder til jordsmonnet over tid, og den verknaden ei akkumulering i jordsmonnet vil ha. Det vert med andre ord ikkje tala om nokon akutt giftfare ved dei grenseverdiane som gjeld idag. Med bakgrunn i dette hadde det vore naturleg med ei fagleg

grunngeving for den skjerpinga som nå vert foreslått.

Skjerpinga av grenseverdiar kan tolkast som at sentrale myndigheter nå vil stilla strengere krav til for eksempel industritilknytting. Desverre er det få signal som tyder på det. Avløpsnettet har lenge blitt sett på som en brukbar resipient for problemavløp.

Det siste eksempelet i så måte, er ei verksemd som fekk konsesjon til mottak og behandling av avfall frå galvanoteknisk industri. Konsesjonen vart gitt saman med eit pålegg om å leia avløpsvatnet frå intern-renseanlegget til kommunalt nett. Dette vatnet inneheld ikkje fosfor eller organisk materiale, som renseanlegget *skal* fjerna, men tungmetall, som renseanlegget ikkje *kan* fjerna!

Skal ein redusera tilførslene av tungmetall er det viktig at innsatsen vert retta mot kjeldene.

3. Mengder per dekar

Temaet «Fra skade i vann — til nytte på land» syner på ein god måte samanhengane i avløpsrensinga, og dette har vore eit av grunnlaga for arbeidet med å nytta slam som jordforbedring og gjødsel. Til nå har 2 tonn tørrstoff per dekar per 10 år vore retningsgjevande mengder. I det nye forslaget vert tidsperioden foreslått endra til 20 år. Det vert ikkje gjeve nokon grunn til dette. Ser ein dette spørsmålet i samband med grenseverdiane som vert foreslått, betyr dette i realiteten ein reduksjon av for eksempel kadmium-tilførslene til fjerdeparten av dagens mengder. Ei skjerping av dette omfang tyder på at situasjonen i dag må vera alarmerande! Dei mengdene som ein har lov å tilføra jorda i dag, vil vera for gift å rekna i morgon.

Undersøkingar tyder på at gardbrukarane er interessert i slam mest på grunn av den gunstige verknaden det har på jordstrukturen. Med dei foreslåtte mengdene vert denne positive effekten vesentleg nedtona.

4. Stabilisering

Med kalktilsetjing som for eksempel på VEAS, får ein eit mellombels stabilisert slam. Det betyr at så lenge pH er høg, vil der ikkje vera nokon aktivitet i slammet; det er stabilt. Etter kvart vil pH synka, og omsetninga vil ta til. Denne prosessen medfører produksjon av luktande gassar, noko som har fått negative konsekvensar. Nasen er eit ømtåleg instrument, og eit menneskeleg organ som vi må ta omsyn til. VEAS-slammet har ikkje vore unnateke frå diskusjonen om lukt, men problema er langt mindre enn dei var for nokre år sidan. Det skuldast delvis at vi har lært meir om slambehandling, slik at vi idag tilset meir kalk enn det som trengst for avvanning. I tillegg har vi gode erfaringar med bruk av bark til dekking av mellomlagra slam. Dette prinsippet for biologisk filtrering av gass vert idag brukt av ulike verksemdar som har problem med lukt frå produksjonen. Grunnen til at eg nevner dette, er for å syna at luktproblem kan løysast på fleire måter. Definisjonen som vert brukt for stabilisering er: «en metode som har til hovedmål å redusere luktulempene ved lagring og disponering av slam». Den store pågangen som VEAS har frå bønder som vil ha slam, tyder på at metoden ein her har funne fram til fungerer bra.

Hygienisering

Alt slam som skal brukast på arealer skal hygieniserast. Det betyr at slammet som skal pløyast ned hjå ein bonde skal ha lik kvalitet som den som fru Olsen skal plante roser i. Slammet som vert spreidd på jordene idag, kan innehalda egg og sporer av smittebærande organismer. Jorda vil likevel vera eit tøft medium for dei fleste av desse, slik at dei etter kort tid vil gå til grunne. Potet-cystenematode er likevel ein organisme som kan overleva. Eventuell smitte frå denne kan halda seg i jorda i mange år, slik at det vert frarådd å bruka slam der det er aktuelt å dyrka potet. For VEAS er ikkje dette noko stort problem, då det aller meste slammet vert brukt i område der det vert dyrka korn.

Dåverande avdelingsdirektør i Statens næringsmiddeltilsyn, Gunnar Langeland, konstaterte på eit møte i Norsk Vannforening i 1989 (innlegg i «VANN» 1/89) at det «såvidt det europeiske forskningsamarbeidet på slamsektoren har bragt i erfaring, er det ikkje rapportert om sykdom hos mennesker som kan settes i sammenheng med riktig behandlet, disponert og brukt kloakkslam. Derimot er det ganske klart at slammet kan være smittefarlig om det brukes på en uhygienisk måte som er i strid med regelverket.»

Med bakgrunn i dette finn vi difor grunn til å etterlysa bakgrunnen for denne kostnadskrevjande skjerpinga. Sit ein inne med opplysningar om smittespreiing som ikkje har vore framme før? Dersom dette tiltaket verkeleg er påkrevd ut frå helsemessige vurderingar, vil nok fleirtalet meine at då må ein

ta den kostnaden det vil bety. Men utan at ein kjenner grunngjevinga for innføring av kravet, er det vanskeleg å vurdere behovet.

I forslaget vert det ikkje gjeve kontrollerbare krav til kvaliteten av eit stabilisert og hygienisert slam. I staden vert det presentert bestemte metodar som erfaringsvis gjev den slamkvaliteten som er ynskja. Fleire vil nok meina at det ikkje bør vera myndighetene si oppgåve å styra utviklinga av metodar. Det må vera opp til det enkelte renseanlegg å finna fram til metodar, etter at myndighetene har definert kvaliteten på sluttproduktet. Forslaget seier heller ikkje noko om korleis nye metodar eventuelt skal godkjennast, eller kva kriterier som skal gjelda for slik godkjenning.

6. Normalavtale

Forslaget presenterer eit utkast til ein avtale som leverandør og mottakar av slam skal underteikna. Avtalen skal mellom anna sikra at «slamleverandør etterlever kravet om at leveransen av slam ikkje overskrider tillatte maksimalverdier for tungmetaller». I tillegg tek avtalen for seg spørsmål som har med leveransar å gjera. Ein juridisk bindande avtale med omsyn til innhald av ulike stoff i slam er ønskeleg sett frå begge partar. Framleis bør likevel forhold som har med kostnader, leverings-tidspunkt, vegbreidde og akseltrykkrestriksjonar bli ei sak mellom slamleverandør og -mottakar.

Byråkratiske reglar må ikkje få bli eit hinder for ein fornuftig bruk av slammet i det økologiske kretsløpet.